



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1332-2

Sakshandsamar: Tommy Vadder

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval Formannskap Kommunestyre	01.10.2024	

Fartsgrenser på kommunale vegar

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Skiltplan Tokke kommune plandokument_ny
- 2 Skiltplan_adresse og fartsgrenser_24052022
- 3 Fartsgrenser kommunale vegar

Bakgrunn for saka

Formannskapet har etterspurt ein sak om fartsgrenser på kommunale vegar.

Tokke kommune har 62 843 meter kommunal veg. Her er både sentrumsområde, bustadfelt og lengre grus- og asfaltvegar i bygdene. Tokke kommune vedtok våren 2022 skiltplan for Tokke kommune. Denne planen omfatta alle skilt på kommunale vegar, og skal være førande for eksisterande og framtidig skilting av kommunale vegar. Her vart det gjort nokon endringar på fartsgrenser. Kommunen er skiltmynde for forbodskilt 362-368 for fartsgrenser lågare enn dei generelle.

Saksutgreiing

Alle sentrumsområde og bustadfelt er godt skilta. Dei fleste bustadfelt er 30 soner. Eit av hovudprinsippa i vedteken skiltplan er å nytte soneskilt for fartsgrense 30, i staden for enkeltskilting av alle tilkomstvegar.

Av sentrumsområda er det berre Dalen som har kommunal veg. Her er fartsgrensa 40. Det vart vedteke ein nokre endringar i skiltplanen. Blant anna betre skilting av 40 km/t gjennom sentrum.

Endringane og skilta som vart vedteken i skiltplanen er ikkje gjennomført, men er under planlegging av Teknisk etat.

Vegane utanfor sentrum- og bustadområde har som hovudregel generelle fartsgrenser. Det vil si at fartsgrensa er 80 km/t utanfor tettbygde strøk og 50 km/t i tettbygde strøk. Dei generelle fartsgrensene 50 og 80 km/t går fram av vegen sine omgivelser – tettbygd strøk eller ikkje – og treng ikkje skiltast i fylgje Vegvesenets handbok for skilting. Dette er noko alle med førarkort veit.

Teknisk etat anslår ein kostnad på 4 000,- for arbeid og innkjøp av materiell for oppsetting av eit skilt. Dersom ein kommunal veg skal skiltast vil det oftast krevje 4 skilt, altså ein kostnad på 16 000,-.

Det er laga ein oversikt på fartsgrenser på alle kommunale vegar som ligg vedlagt saka. Ofte er det kommunal veg dei fyrste kilometerane av vegen, så fortsett vegen som privat veg. Etersom kommunen ikkje er skiltmynde på privat veg må eventuell fartsgrenseskilting opphøyra ved overgangen kommunal/privat veg. Dette vil vere fordyrande der dette er aktuelt.

2 plassar i Høydalsmo treng skilting pga at desse er utegløynd i skiltplanen. Innkøyring til Oftevegen (50 km/t) og innkøyring til Langedøl (30 Sone).

Etter at skiltplanen vart vedteken har det kome nytt forvaltningssystem på veg i kart, ELveg 2.0. Her kan kommunen redigere fartsgrenser som kjem opp i displayet i nyare bilar. Kommunen har ikkje noko system for å fange opp feil i dette kartet, og det er difor viktig at kommunen får beskjed for å rette dette.

Konklusjon

Kommunale vegar i Tokke er godt skilta med dei skilta som er naudsynte. Med dei prinsippa som er vedteken i skiltplanen der det blant anna at det skal skiltast med så få skilt som mogleg, men så mange som naudsynt er Tokke kommune godt innanfor sine eigne og krav frå andre myndigheiter. Skiltplanen vedteken våren 2022 tar for seg dei områda som krev ekstra skilting. Denne er godkjent både hos Statens Vegvesen, Telemark fylkeskommune og Politiet.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektøren kjem ikkje med noko tilråding utover å skilte Oftevegen og Langedøl i Høydalsmo i denne saka.